

UTKAST**PROTOKOLL****Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 2-2018****Tid: Fredag 7. desember 2018 kl. 11:00 - 12:00****Stad: Meland rådhus****Til stades:**

Ordfører:	
Rådmenn:	
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Jon Askeland, Øyvind Oddekalv

Sak 8/18	Godkjenning møteinnkalling og saksliste Forslag til Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
Sak 9/18	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Nestleiar i Representantskapet Per Lerøy leiar møtet då leiar Karstein Totland har forfall. Forslag til Samrøystes vedtak: x og x vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 10/18	Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2018 Forslag til Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskap 1-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 11/18	Orientering om status for prosjektet Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for helsehusprosjektet. Totalentreprenør som er Consto AS har i haust førebudd oppstart av byggjeprojektet. bygningar er rive, og byggjestart på tomte skal etter planen skje i desember, litt avhengig om Telenor klarer å gjera det nye Telenoranlegget operativt. Prosjektet er i rute iht. den kontrakten byggherre har med Consto AS. Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.

Sak 12/18	Godkjenning av investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2021 for RNHI Vedtak i styret: Styret tar framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021 til etterretning, og godkjenner at budsjett og notat vert lagt fram for Representantskapet. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnadar som låg til grunn ved styrehandsaming. Styret sitt forslag til vedtak i Representantskapet: Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021. Forslag til Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2021.
------------------	---

Frekhaug, 7. desember 2018

Per Lerøy
Nestleiar Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

x
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

x
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS